

# DELEGASJONSREGLEMENT

## BISKOP - PROSTANE I BJØRGVIN BISPEDØME

*Drøfta i prostemøte sak 26/01 og i drøftingsmøte med Presteforeininga sak 64/01.*

*Delegasjonsreglementet er gjeldande frå 15.februar 2002.*

*Etter drøftingar med prostane og dei tillitsvalde for prestane er det gjennomført revisjon av reglementet, med verknad frå 1.mai 2003.*

### Bakgrunn

Biskopen har som grunnleggjande strategi å nytte prosten som biskopen sin medhjelpar for utøving av kyrkjeleg tilsyn og arbeidsgjevaransvar. Prostane har i den seinare tid fått fleire oppgåver som understrekar prosten sin leiarfunksjon som øvste geistlege i prostiet.

Dette dokumentet definerer delegasjon frå biskop til prostane nærmare, heile vegen med grunnlag i gjeldande lovverk og forskrifter. Føremålet med delegert mynde, vil vere å stimulere til at enkeltvedtak vert fatta nært kyrkjelydane og med effektiv sakshandsaming.

Biskopen delegerer oppgåver langs to linjer; til stiftsdirektøren og prostane. Dei to delegasjonane må sjåast i samanheng.

### Rapportering

Prostane skal sende biskopen ein årleg rapport om bruken av delegasjonsreglementet.

Dersom ei sak har sak prinsipiell eller på annan måte ein spesiell karakter, vil det vere naturleg at prosten konsulterer biskopen før det vert fatta vedtak.

### Klage

Enkeltvedtak (jf forvaltningslova) fatta av prosten kan klagast til biskopen.

## **1. ARBEIDSGJEVARANSVAR**

Prosten har ansvar for å leie og organisere prestetenesta i sitt prosti i tråd med gjeldande lovverk og forskrifter.

### **1.1 Vikartenester**

Prostia i Sogn og Fjordane, Sunnhordland, Nordhordland og Hardanger og Voss prosti har disponibel ein prostiprest i tillegg til dei ordinære stillingane. Prosten er prostipresten sin nærmaste overordna.

Bispedømet har pr. 1.januar 2003 engasjert 5 prostiprestar som har prostia i Bergen, Midhordland og Vesthordland som primærområde. Desse har bispedømekontoret som nærmaste overordna. Ved planlagt vikarteneste utover 6 månader i eit prosti/prestegjeld, er prosten nærmaste overordna. Prosten skal så langt som råd dekke vikarbehov ved prestane som er disponible i prostiet. Vikarbehov som krev meir ressursar enn prostiet rår over skal meldast bispedømekontoret og ordnast derifrå.

### **1.2 Prestane sine fridagar**

Det vert vist til departementets rundskriv F-07-01 "Særavtale om menighetsprestens fridager" gjeldande i tida 1.april 2001 - 31.desember 2003.

I prestegjeld med fleire prestar har soknepresten ansvaret for å regulere prestane sine uttak av fridagar. Behov for ekstern vikar skal meldast prosten.

Prosten har i tråd med rundskriv F-07-01 mynde til å

⇒ regulere prestane si fritid i samsvar med særavtalen

⇒ påleggje prest å gjere teneste i anna prestegjeld, avgrensa til å dekke vikarbehov som følgje av uttak av fridagar i samsvar med særavtalen

⇒ gjere vedtak om arbeidsplanar for prestane

Det vert vist til prosten sitt generelle mynde til å leie og organisere prestetenesta i prostiet. Særskilt for uttak av fritid i samsvar med særavtalen, vil det følgjande gjelde:

⇒ Prost med prosti som har prostiprest har mynde til å engasjere ekstern vikar til inntil 4 einskildtenester i kvart av prestegjelda som berre har ein prest. Tilsvarande tal for prosti som ikkje har prostiprest er 5. Prosten kan fritt disponere det samla talet for einskildtenester innanfor prostiet, dersom organiseringa av prestetenesta tilseier bruk av vikar i prestegjeld med fleire prestar. Vikarbehov som ikkje kan dekkjast av prostiet sine egne prestar skal meldast bispedømekontoret og ordnast derifrå.

⇒ Biskopen har innført ordna teneste for leke gudstenesteleiarar. Dei prestegjelda/prostia som har ei slik ordning, skal i første rekke nytte desse til å dekke behov for vikartenester. Kvar gudstenesteleiar kan ha inntil 5 gudstenester årleg i eitt prestegjeld. I tillegg til dette kan lek gudstenesteleiar verte engasjert som vikar i enkeltteneste dersom ein prest har permisjon grunna sjukdom, fødsels/adopsjon eller omsorg for barn.

⇒ Prosten har mynde til å godkjenne forsøk med gudstenesteordningar gjeldande for eitt år. Slikt vedtak føreset handsaming i dei involverte sokneråda. Eventuelle framlegg om permanent vedtak skal godkjennast av biskopen og handsamast i soknemøte.

⇒ Prosten har mynde til å avlyse inntil 4 planlagte gudstenester årleg der det ikkje er råd å finne vikar blant dei faste prestane i prostiet.

⇒ Prestar som gjer vikarteneste i samband med fridagsreglementet skal sende reise- og vikarrekning til attestasjon av prosten.

### **1.3 Ferie**

Det vert vist til ferielova.

Vedkomande prost har mynde til å

⇒ fastsetje ferieordning for prestegjeld i tråd med følgjande ordning: Prosten set opp ferieplan for prestane kvart år innan 15.mars. Dersom det er behov for ekstern vikar, skal dette meldast bispedømekontoret. Innan 1.april skal bispedømekontoret gje beskjed om

ekstern vikar vert løyvd. Bispedømekontoret er ansvarleg for å innhente søknader på sommarvikariat, og å utplassere sommarvikarar. Prosten sender fastsett ferieplan til bispedømekontoret for orientering.

⇒ gjere vedtak i søknader om overføring av ferie frå eitt år til eit anna i tråd med gjeldande retningsliner i Statens Personalhandbok. Slike vedtak må meldast bispedømekontoret fortløpande, då bispedømekontoret må registrere samla oversikt over uttak av ferie. Vedtak som inneber bruk av ekstern vikar må fremjast bispedømekontoret.

#### **1.4 Helse, miljø og tryggleik for prestane i prostiet**

Prostane utøvar arbeidsgjevaransvaret i sitt prosti slik det er presisert i Internkontrollhandboka.

Prostane skal vere i jamleg dialog med prestane sitt verneombod i prostiet for å sikre prestane gode tilhøve for helse, miljø og tryggleik.

I samband med prostevitjingar, skal prostane gjennomgå lokal vernerunderapport for kyrkjeleg fellesråd og drøfte denne med dagleg leiar.

Dersom saker ikkje vert løyst lokalt, skal prosten handtere saker der prestane er involvert i samsvar med "Samarbeidsavtale om helse-, miljø- og tryggleik mellom Bjørgvin bispedømeråd og kyrkjeleg fellesråd" og Internkontrollhandboka for Bjørgvin bispedøme.

Dersom ei sak ikkje kan løysast på prostinivået, skal prosedyre for avvikshandsaming følgjast.

Skriftleg sakshandsaming (i det minste som notat) skal dokumentere aktivitet i arbeidet med helse, miljø og tryggleik.

#### **1.5 Prostivise samlingar - kompetanseutvikling i prostiet**

På grunn av dei ulike geografiske tilhøva i bispedømet, er det naturleg at kvart enkelt prosti har tilpassa ordning for prostivise samlingar.

For alle prosti gjeld det at prosten skal kalle inn prestane i prostiet til 4 årlege konvent.

Prostane i Sogn og Fjordane, Nordhordland, Sunnhordland og Hardanger/Voss får tildelt midlar til 8 konvent årleg.

Bispedømerådet løyver midlar til servering/leige av lokale og reise for prestane i samband med konvent.

Prestane i Bergen, Midhordland og Vesthordland har relativt korte reiseavstandar og har gjerne høve til å samlast ofte til tekstførebuing/studiesamlingar m.m. Bispedømerådet dekkjer utgifter til reise ved slike samlingar. Utgifter til servering vert ikkje dekka utover konvent prosten kallar inn til.

Prosten set opp program for konventa etter drøfting med dei tillitsvalde i prostiet. Halvparten av tida på konventa skal vere kompetanseutvikling.

Det vert vist til eige skriv om ordning for prostivise tiltak.

### **1.6 Velferdstiltak**

Prosten får tildelt midlar tilsvarende kr 400 pr. prest til velferdstiltak. Den årlege bruken av midlane skal drøftast med dei tillitsvalde i prostiet.

### **1.7 Lokalt partssamarbeid - Kontaktmøte i prostiet**

Prostane er arbeidsgjevar sin representant i prostiet. Prestane har lokale fagforeiningar knytt til prostiet. Det skal opprettast partssamansett samarbeid på prosten sitt delegerte mynde for saker som vedkjem arbeidstakartilhøvet.

I tråd med Hovudavtalen § 11 skal partane utveksle gjensidig informasjon som vedkjem partane.

I tråd med Hovudavtalen § 12 skal det gjennomførast drøftingar på saker som vedkjem arbeidstakarane. Drøftingsretten er avgrensa til saker som er omfatta av delegasjon. Alle andre drøftingar og forhandlingar (Hovudavtalen § 13) skjer på regionalt eller sentralt nivå.

Det vert vist til eige skriv om ordning for Kontaktmøte i prostia.

## **2. GUDSTENESTEBØKENE**

### **2.1 Leke nattverdmedhjelparar**

I samsvar med Tenesteordning for biskop § 4 tredje ledd, har biskopen fullmakt til å samtykke i val av leke medhjelparar ved utdeling av nattverd.

Vedkomande prost vert med dette gjeve fullmakt til å gje samtykke til at enkeltpersonar i kyrkjelyden er forrettande prest sin medhjelpar ved gudstenesta. Fullmakta skal gjelde ei avgrensa periode. Soknepresten skal ha ei ajourført liste over dei som til ei kvar tid er godkjende som nattverdmedhjelparar.

Talet på leke nattverdmedhjelparar bør ikkje vere høgre enn 5. Dei skal sikrast ei høveleg innføring i oppgåva.

Prosten kan også gje samtykke til at enkeltpersonar ved nattverd i samband med større markeringar, stemner og andre særskilde høve i kyrkjelyden.

### **2.2 Tidspunkt for gudstenester**

Biskopen fastset etter gjeldande lovverk gudstenesteordningane for kyrkjelydane.

Det kan oppstå situasjonar som gjer det aktuelt å endre på gudstenestetidspunktet for ein del av gudstenestene i ein kyrkjelyd, t.d. i samband med nytt fritidsreglement for prestane.

Prosten har delegert mynde til å fatte vedtak om endringar i gudstenestetidspunktet. Det totale talet på forordna gudstenester for eit prestegjeld kan ikkje endrast utan godkjenning etter gjeldande lovverk.

### **2.3 Endringar i gjeldande fastsette liturgiske ordningar**

Biskopen har generell mynde til å tillate unntak frå gjeldande liturgiske ordningar (jf Gudstenestebok for Den norske kyrkja, felles rettleiing pkt.C). Biskopen har ved fleire høve tillate forsøk med alternativ plassering av dåpshandlinga i hovudgudstenesta.

Prosten vert med dette gjeve høve til å fatte vedtak om forsøk med alternativ plassering av dåpshandlinga og andre mindre endringar i dei fastsette liturgiske ordningane. Slike forsøk skal gjelde i minst 2 år, maksimalt 4 år. Prosten skal motta evaluering ved avslutta forsøk, med framlegg til vidare permanent ordning. Biskopen gjer vedtak om permanent ordning.

Det er ynskjeleg at alle kyrkjelydar held minst to gudstenester i semesteret der ungdom er primær målgruppe. Vidare kan inntil 12 av årets hovudgudstenester forrettast som familiegudsteneste, av desse kan inntil 4 vere med nattverd. Desse tala vil gjelde for kyrkjelydar som normalt har gudsteneste kvar søn- og heilagdag. For kyrkjelydar som har færre gudstenester enn dette, må talet på Ung messe og familiegudstenester reduserast tilsvarande. Det treng ikkje søkjast spesielt om å halde Ung messe og familiegudstenester med nattverd i tråd med desse retningslinene.

Stiftssenteret, 8.april 2003

Ole D. Hagesæther

Helge Taranrød  
Stiftsdirektør